



Vikarprest Nora Baartvedt har gudstenesta i Uskedalen på juleafta kl. 13.30.

**Gudstenesta i Uskedalen på juleafta er kl. 13.30 ( merk tida ).Vikarprest Nora Baartvedt er liturg. Organist er kantor Eva Megyesi. Det vert innslag av barnekoret Singing Tweens. Nora kjem frå Voss. Ho går 3. året som profesjonsstudent på teologi. Nora har mange år vore klokkar på Voss. Som student har ho praksis frå Høyland og Bogafjell. Les meir kva soknepresten i Kvinnherad Prestegjeld, Kjersti Brakestad Boge, skriv om jola.**

Kring i kyrkjene i Kvinnherad kimast det til jol på jolafta. Og det er mange gudstenester å velga mellom på Jolafta. Mange har førebudd seg for å laga til ei høgtidsstund på jolafta og vi har henta inn prestar frå fjern og nær.



[Uskedal kyrkje jula 2019.](#)

På førstedag er det gudstenester i Kvinnherad, Husnes, Eid og Ølve. 1. Joledag er dagen for høgtid og dei vakre jolesongane. I Kvinnherad kyrkje kjem Cantus Firmus og bidreg med vakre jolesongar. På joleafta i Uskedalen vert det vakker barnesong av Singing Tweens.

Jola er så mykje meir enn pakkar, god mat og familiesamvere. Gud er nær for alle som treng han og søker han. Jesus vart fødd i ein enkel stall i Betlehem og kjem som eit ljøs inn i våre vanlege liv. Han er vårt ljøs i mørketida. De er hjarteleg velkomne til kyrkja, til ei høgtidsstund i jola. Me ynskjer alle ei velsigna jol.

Tekst: Kjersti Brakestad Boge/ Kristian Bringedal

Foto: Privat/ Einar Gjertsen

Nett: Kristian Bringedal



Songgruppa Singing Tweens vert med på gudstenesta i Uskedalen.